

## Protokoll frå styremøte i Språkrådet 11. desember 2025

**Stad:** Teams  
**Tid:** 9:00–12:00  
**Til stades:** Ingrid Vad-Nilsen, Erik Bolstad (frå 10:15), Heidi-Iren Wedlog Olsen, Sjur Moshagen og Ann-Helen Langaker (vara)  
**Frå Språkrådet:** Åse Wetås (direktør), Åsa Kaldhussæter (styresekretær), Jo Inge Fisketjøn (stabssjef, S 53/25 og 56/25)  
**Forfall:** Marianne Aasgaard

---

### Saksliste

#### Konstituering

S 46/25 Godkjenning av innkalling og sakliste, habilitet  
S 47/25 Godkjenning av protokoll frå styremøtet 16. oktober 2025

#### Informasjonssaker

S 48/25 Orienteringssaker v/ direktøren (munnleg)  
S 49/25 Organisasjonsgjennomgang av verksemder under KUD  
S 50/25 Høyringar  
S 51/25 Nytt frå fagråda  
S 52/25 Mediesaker  
S 53/25 Økonomirapport  
S 54/25 Orientering frå etatsstyringsmøtet 10. november  
S 55/25 Plan for arbeidet med verksemdsplan 2026

#### Drøftingssaker

S 56/25 Foreløpig budsjett 2026  
S 57/25 Årsrapport 2025 – språkpolitisk status  
S 58/25 Evaluering av styrearbeidet i 2025  
S 59/25 Eventuelt

---

### Konstituering

**S 46/25 Godkjenning av innkalling og sakliste, habilitet**

**Sakspapir:** Innkalling til styremøte sendt 4.12.25

**Vedtak:** Innkalling og saksliste er godkjende. Ingen merknadar til habilitet.

**S 47/25 Godkjenning av protokoll frå styremøtet 16. oktober 2025**

**Sakspapir:** Utkast til protokoll frå styremøtet 16. oktober 2025

**Vedtak:** Protokollen frå styremøte 16. oktober 2025 blei godkjend utan merknadar.

---

### Informasjonssaker

**S 48/25 Orienteringssaker v/ direktøren**

**Sakspapir:** Munnleg orientering

## Administrativt:

- Det har ikkje vore nyttilsettingar i perioden. Det er framleis vikar inne som avdelingsdirektør i avdelinga for språk i skule og offentleg sektor. Engasjementsperioden for vikar går ut ved utgangen av februar, men kan forlengast utan utlysing.
- Status for ombygging av kontorlokala: Vi kan flytte inn i nye lokale i januar. Det er utarbeidd bruksreglar for lokala, som skal drøftast i partssamarbeidet.
- Sjukefråværet held seg framleis vesentleg lågare enn i 2024, noko som òg inneber at vi har hatt lågare Nav-refusjonar enn budsjettert for 2025.
- Budsjettsøknad for 2027: Søknaden blei send innan fristen 1. desember. Språkrådet søker om satsingsmidlar til eininga for innsikt og analyse, og har i tillegg lagt inn søknad om to digitaliseringsprosjekt.

## Fagleg:

- Språkrådet og KS arrangerte 27. november i samarbeid ein konferanse om læremiddelsituasjonen i skulen.
- Språkrådet deltok i slutten av november saman med NB og Digitaliseringsdirektoratet på fagmøte med Kultur- og likestillingsdepartementet, Kunnskapsdepartementet og Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet om arbeid med språkmodellar og KI.
- Språkrådet har hatt møte med Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) om oppfølging av *Fra ord til handling. Handlingsplan for norsk fagspråk i akademien*. HK-dir har fått oppdragsbrev frå Kunnskapsdepartementet der dei i tett samarbeid med Språkrådet er bedne om å evaluere fleire sentrale tiltak i handlingsplanen i 2026.
- Språkrådet var i november invitert til Den nasjonale forskningsetiske komiteen for samfunnsvitskap og humaniora for å gje innspel om moglege etiske og samfunnsmessige følgjer av bruk av store språkmodellar i høgare utdanning og forskning.
- Språkrådet har sidan sist hatt samarbeidsmøte med NB om felles oppdrag knytt til språkteknologiutvikling. Språkrådets evalueringar av språkleg yting i ulike teknologiar (særleg skriveprogram, praterobotar) er etterspurde som innlegg på ulike konferansar og faglege forum. Vi har denne hausten halde innlegg for sentrale aktørar som blant anna KI Norge, DIO og Institutt for informatikk ved UiO
- I samband med lansering av rapporten *Norskopplæring og norskferdigheter blant ulike innvandrergupper*, har Språkrådet arrangert ein rundebordskonferanse for interessantar frå det offentlege (IMDI, KS, vaksenopplæringssentra) og arbeidsgivarar (NHO) for å identifisere tiltak for å betre tilpassinga av norskopplæringa for dei ulike gruppene av innvandrarar.
- Språkrådet har saman med Termportalen i Bergen, det nyoppretta Fagspråksenteret ved UiB og Universitetsbiblioteket i Bergen vore i Barcelona på besøk hos den katalanske terminologiorganisasjonen Termcat, og på møte med den katalanske språkministeren. Ministeren ville svært gjerne ha meir samarbeid med dei skandinaviske landa om språkpolitikk og tiltak for mellomstore språk i Europa.
- Årets ord blei lansert tysdag 9. desember. *Tekoligark* blei valt som toppord, og både dette og den utvida lista med nyord fekk stor mediemerksemd og mange positive tilbakemeldingar.

**Vedtak:** Styret tek informasjonen til orientering.

**S 49/25** **Organisasjonsgjennomgang av verksemder under KUD**

**Sakspapir:** Notat frå direktøren

Brev frå KUD datert 19. november 2025

Kultur- og likestillingsministeren har vedtatt ein organisasjonsgjennomgang av verksemdene under Kultur- og likestillingsdepartementet. Gjennomgangen skal gje eit grunnlag for å kunne vurdere organiseringa av sektoren. Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) er ansvarleg for utgreiingsarbeidet, som skal ferdigstillast i juni 2026.

**Vedtak:** Styret tek saka til orientering.

**S 50/25 Høyringar**

**Sakspapir:** Oversikt over innsende høyringssvar frå Språkrådet

**Vedtak:** Styret tek saka til orientering.

**S 51/25 Nytt frå fagråda**

**Sakspapir:** Oppsummering av siste møte i fagråda

**Vedtak:** Styret tek saka til orientering.

**S 52/25 Mediesaker**

**Sakspapir:** Medioversikt for perioden

**Vedtak:** Styret tek informasjonen til orientering.

**S 53/25 Regnskap og økonomisk situasjon pr. 31. oktober 2025**

**Sakspapir:** Regnskapsrapport per 31. oktober 2025

Stabssjef Jo Inge Fisketjøn orienterte. Underforbruk på 1,8 millionar per november, men prognosen er å ende på eit mindreforbruk på 500 000,- (ca. 1% avvik) ved årsskiftet.

**Vedtak:** Styret tek regnskapsrapporten til orientering.

**S 54/25 Referat frå etatsstyringsmøte 10. november 2025**

**Sakspapir:** Endeleg referat frå etatsstyringsmøte 10. november 2025

**Vedtak:** Styret tek saka til orientering.

**S 55/25 Plan for ferdigstilling av verksemdsplan 2026**

**Sakspapir:** Notat frå direktøren

Førebels tildelingsbrev frå Kultur- og likestillingsdepartementet m/vedlegg

Orientering om status for arbeidet med verksemdsplan for 2026. Endeleg plan skal leggjast fram på styremøtet i februar.

**Vedtak:** Styret tek saka til orientering.

**Drøftingssaker**

**S 56/25 Førebels budsjett 2026**

**Sakspapir:** Saksframlegg frå direktøren

Førebels tildelingsbrev 2026

**Vedtak:** Styret bed direktøren leggje fram eit forslag til endeleg budsjett for 2026 på styremøtet i februar.

**S 57/25 Årsrapport 2025 – språkpolitisk status**

**Sakspapir:** Saksframlegg frå direktøren

Sak 29/25 Risikoanalyse, norsk språkpolitikk

Språkrådet utarbeidde i vår ein risikoanalyse for norsk språkpolitikk, og har drøfta med KUD korleis overordna status og utvikling på sentrale språkpolitiske område kan kome til uttrykk i rapporteringa frå

verksemda til departementet. Eit samandrag av dei mest vesentlege tilhøva vil bli gitt i årsrapportens del V Framtidsutsikter.

**Vedtak:** Språkrådet ferdigstiller dokumentet i tråd med drøftingane i møtet.

**S 58/25            Evaluering av styrearbeidet i 2025**

**Sakspapir:** Saksframlegg frå direktøren  
Vedlegg (u. off)

**Vedtak:** Styret drøfta saka utan administrasjonen til stades.

**S 49/25            Eventuelt**

Ingen saker til eventuelt.

---